

Protokoll

Møtenummer : 9/2016-2018
 Dato : 12.juni 2017
 Klokka : 18.00- 20.30
 Stad : Idrettens Hus - Førde

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Martine Viken	X			
1.vara Heien, Ingrid		X		
2.vara Grimseth, Stian		X		
Leversund, Anne, organisasjonssjef	X			
Ingrid Narum , plan og utviklingsleiar	X			
Erling Benjaminsen	X			

Møteplan - neste styremøte:

Måndag 28. august 2017	Skei kl.18
Torsdag 28. september 2017	Førde kl.18
Måndag 30. oktober 2017	Skei kl.18.
Måndag 4. desember 2017	Førde kl.18

Representasjon:

09.05.2017	Årsmøte Eid idrettsråd	Anne Leversund
10.05.2017	Årsmøte Vågsøy idrettsråd	Ingrid Narum
12-13.05 2017	NIF Leder møte Bodø	Nils R Sandal/Anne Leversund
30.05.2017	Årsmøte Gloppen idrettsråd	Ingrid Narum
30.05.2017	Årsmøte Fjaler idrettsråd	Anne Leversund

Nytt frå administrasjonen- Orienteringssaker

Nytt sidan sist . v //Styreleiar, organisasjonssjef.

SAKER :

- 31 2016 - 2018 Protokoll frå førre møte
- 32 2016 - 2018 Opptak/nedlegging av idrettslag
- 33 2016 - 2018 100 års jubileum 2019
- 34 2016- 2018 Valkamp.Stortingsvalet 2017
- 35 2016- 2018 Retningslinjer ungdomsidrett
- 36 2016- 2018 Møteplan haust 2017.
- 37 2016- 2018 Spelemiddelfordelinga til idrettsanlegg 2017

Sak 31 Protokoll frå førre møte

Vedtak: Protokollen er godkjent

Bakgrunn : Jfr protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr 8/2016-2018

Sak 32 Opptak/nedlegging av idrettslag

Vedtak: Teken til orientering.

Bakgrunn: Disse idrettslaga er nedlagd siste år: Askvoll Sykkelklubb (13.11.16), Lærdal Sykkelklubb (20.12.16), Saga Fotballklubb (30.05.17), Gloppen Skiskyttarlag (30.05.17)

Disse idrettslaga er nye siste år: Lavik Karateklubb (04.01.17), Korssund Dykkeklubb (07.04.17), Brekke Sportsskyttarlag (25.04.17)

Sak 33 Sogn og Fjordane idrettskrins rundar 100 år i 2019

Vedtak: Styret set ned ein jubileumskomité på tre personar. Martine frå styret, ein rep. frå administrasjon, og ein rep frå særkrins. Blir formelt oppnemnt i neste styremøte

Bakgrunn : Sogn og Fjordane idrettskrins rundar 100 år i 2019. Korleis ynskjer styret at idrettskrinsen skal markere dette ? Adminstrasjonen legg fram ein del innspel i møtet.

Sak 34 Valkamp.Stortingsvalet 2017

Vedtak: Styreleiar og organisasjonssjef jobbar fram ein valkampstrategi for idretten sin Stortingsvalkamp i Sogn og Fjordane.

Bakgrunn : 11.september er det Stortingsval.Idrettskrinsane tek del i valkampen , og utfordrar stortingskandidatane på idrettspolitikkk på ulike måtar . Korleis ynskjer styret at vi skal engasjere oss,delta og utfordre våre politiske parti og våre stortingskandidatar på idretten sine fanesaker.

Sak 35 Retningslinjer ungdomsidrett.

Vedtak: Styret er tilfreds med at initiativet frå særiddrettane er følgt opp

Bakgrunn : På fag- og dialogmøtet med særkrinsar/regionar på Skei 13.03.17 kom det innspel frå møtedeltakarar om å utarbeide retningslinjer for ungdomsidretten i Sogn og Fjordane, og utfordring til oss om å følgje dette opp. Det vart vist til idretten i Nord-Trøndelag og kva dei har komme fram til: Slik vil vi ha ungdomsidretten i Nord-Trøndelag

Dokumentet er meint å fremje samarbeidet i ungdomsidretten i Sogn og Fjordane gjennom å samordne kva praksis særiddrettane ønskjer ha i og mellom dei ulike idrettane, og skal utarbeidast av særiddrettane. Idrettskrinsen si rolle vil vere å legge til rette for at særkrinsane/regionane kan få diskutere og utarbeide eit felles dokument. I etterkant av dette sendte vi ut ein mail til Sk /regionanan der vi bad om tilbakemelding på følgande:

Ei kort og konkret tilbakemelding på korleis din særkrins/region stiller seg til å utvikle retningslinjer for ungdomsidretten i fylket

Innspel på korleis de meiner prosessen bør vere

Vi ynskjer innspel frå styret på desse punkta .

Sak 36 Møteplan haust 2017

Vedtak: Idrettskrinsstyret vedtek følgjande møteplan hausten 2017.

Måndag 28. august	2017	Skei kl.18
Torsdag 28. september	2017	Førde kl.18 (krinsleiar møte 29-30.09.17)
Måndag 30. oktober	2017	Skei kl.18. Møte med valkomiteen
Måndag 4. desember	2017	Førde kl.18. Julemøte

Bakgrunn: Vi ynskjer å fastsette møteplan for hausten 2017
Administrasjonen har framlegg om følgjande møtedatoar .
Framlegget tek utgangspunkt i tidlegare innspel om at måndag er ein god møtedag.,
Ber om at styret kjem med framlegg om helg/dato for eit eventuelt tidlegare ynskje om felles styremøte med Hordaland eller Møre og Romsdal idrettskrets.

veke 33 Om behov, telefonmøte, for handsaming av spelemiddel søknaden 2017

Måndag 21.august	2017	
Måndag 25.september	2017	(krinsleiar møte 29-30.09.17)
20-22 oktober	2017	Fellesmøte Hordaland/Møre og Romsdal ?
Måndag 23.oktober	2017	Møte med valkomiteen ?(går event ut)
Måndag 20.november	2017	
Måndag 11.desember	2017	Julemøte

Sak 37 **Spelemiddelfordelinga til idrettsanlegg 2017**

Vedtak : Teken til orientering

Bakgrunn : Sogn og Fjordane fylkekommune skal handsamar årets spelemiddelfordeling til idrettsanlegg i sak 17/3244-44 .
Pga kort tilbakemeldingsfrist vart saka sendt til leiar og nestleiar på mail for uttale. Org sjef har gått gjennom saksframlegget i lag med Fylkeskommunen og Forum for natur og friluftsliv .Saka er veldig godt gjennomarbeida og førebudd.
Det er lagt til grunn ein del overordna prinsipp og det er gjort vurderingar i høve :

- Fordeling mellom ordinære anlegg styrt av regional plan 55 % -15 % nærmiljøanlegg og 30 % ordinære anlegg styrt av kommunale planar
- Oversikt over fordeling mellom kommunane ,tal på søknader , godkjend søknadssum, samla tildelingtilgang til anlegg og tildeling pr innbyggjar
- Forklaring på ikkje godkjende søknader .



Anne Leversund
Organisasjonssjef